Sogn og Fjordane helsefellesskap

Referat
Strategisk samarbeidsutval
02.10.26

Føremål: Strategisk samarbeidsutval møte 3 - 2026
Møtetid: 02.10.26 - 08.15 – 10.15
Møtestad: Teams
Leiar: Arve Varden

Deltakarar:			
Namn	**Tittel**	**Eining**	**Til stades**
Arve Varden	Administrerande direktør	Helse Førde	x
Børge Tvedt	Direktør PHV	Helse Førde	x
Bjørn Morten Øen	Direktør kirurgisk klinikk	Helse Førde	x
Trine H. Vingsnes	Direktør medisinsk klinikk	Helse Førde	x
Asle Kjørlaug	Fagdirektør	Helse Førde	x
Heidi A. Vederhus	Konst. Samhandlingssjef, stadleg leiar NSH	Helse Førde	x
Kristine Dahl	Kommunedirektør region Fjordane	Stad kommune	x
Ola Hovland	Kommunedirektør region Fjordane	Fjaler kommune	x
Gunn Lerøy	Kommunedirektør region Sogn	Lærdal kommune	x
Barbro Longva	Kommunalsjef	Stad kommune	x
Marius Solbakken	Kommuneoverlege	Stryn kommune	x

Kjell-Wernik S. Nystøyl	Interkommunal samhandlingskoordinator	Kommunane	x
Arne Hovland	Brukarrepresentant	Felles brukarutval	x
Michael Milde	Brukarrepresentant	Felles brukarutval-	x
Observatørar:			
Hilde Ystanes	Rådgjevar	KS Vestland	x
Linda Svori	Assisterande fylkeslege	Statsforvaltaren	x
Vara:			
Namn	**Tittel - (Vara for)**	**Eining**	
Laila Haugland	Avdelingssjef (Trine Vingsnes)	Medisinsk avdeling, Helse Førde	
Dagrun Kyrkjebø	Konst. Direktør (Asle Kjørlaug)	Fag- og utvikling, Helse Førde	
Vidar Øvrebø	Stadleg leiar LSH (Heidi Alice Vederhus)	Lærdal sjukehus, Helse Førde	
Svein Ove Alisøy	Avdelingssjef (Børge Tvedt)	Psyk. helsevern, Helse Førde	
Anders Skipenes	Kommunedirektør (Kristine Dahl)	Gloppen kommune	
Gjermund Flage	Kommunedirektør (Ola Hovland)	Hyllestad kommune	
Kirstin Bruland	Kommunalsjef (Barbro Longva)	Sunnfjord kommune	
Marit Reppen	Kommunalsjef (Gunn Lerøy)	Sogndal kommune	
Thomas Vingen Vedeld	Kommuneoverlege (Marius Solbakken)	Stad kommune	

SAKLISTE

Sak nr.	Tema:
30/26	**Godkjenne innkalling og sakliste** **Aksjonspunktliste** Gjennomgang v/samhandlingskoordinator. Sekretariatet har gått gjennom lista og merka med grøn farge dei punkta som er fullført og gul farge dei som er under vegs. Aksjonspunktliste i gjeldande referat er oppdatert etter gjennomgangen. Innkalling og sakliste godkjent.
31/26	**Orienteringssaker** 1. Pasientens legemiddelliste Samhandlingskoordinator orienterte i saka. Kommunane er ikkje klare for å ta i bruk PLL. Det er eit omfattande grunnlagsarbeid som må gjerast før først. Alle kommunane er einige i å ta i bruk PLL, og er positive til innføringa når alt ligg til rette for dette. Observatør frå statsforvaltaren stadfestar at der er vilje men ein del utfordringar undervegs før PLL kan takast i bruk. Det same gjorde kommunalsjef Stad og kommuneoverlege Stryn. Fagsjef og administrerande direktør i Helse Førde peika på at arbeidet ikkje må stoppe opp då dette vil redusere risiko for avvik innan medikamenthandtering og styrke pasienttryggleiken. 2. Erfaringskonferansen 2026 Det vart ikkje gitt informasjon i møtet, men vist til saksnotat. **Vedtak:** Strategisk samarbeidsutval tek sakene til orientering

32/26	**Samarbeid om beredskap** Helsefellesskapa i Bergen og Fonna var invitert til å orientere om arbeidet sitt innan beredskap. Sjå vedlagt presentasjon. Punkt frå spørsmål og drøfting i etterkant: • Vi kan ikkje har plan for alle hendingar, men ha plan for korleis organisere oss, kjenne kompetanse, bygge organisasjonen • Vegleiar til kommunane peikar på kommunane sitt koordineringsansvar. Det finst strukturar, men må vite korleis vi skal tilnære oss ilag. Vi må kjenne samhandlingskrava vi har. Vi må setje samhandling inn i dei systema som allereie finst. • Må skapast strukturar som gjeld permanent. Må ha plan for dei ulike rollane og funksjonane • Må øve ilag • Helse Førde har ein særskilt rolle i vertskommunane til lokasjonane sine, eks. vassleidning • 6 kommunar i Sogn har fått skjønsmidlar frå statsforvaltaren for å styrke beredskap • Beredskapsråda i kommunane viktig arena også får helseføretaket • Vi har felles ansvar for å ha oppdaterte planar. Viktig med generiske planer • Helsefellesskapet må ha ansvar for koordinering • Vi må ha felles problemforståing. Definere kva som er beredskapsplikta til kommunane og helseføretaket, og finne manglane, lage kunnskapsgrunnlag. • Statsforvaltaren har koordineringsansvar, må ta med statsforvaltaren i planarbeidet Konklusjon: Arbeidsutvalet (AU) jobbar vidare med diskusjonen og legge premissar for neste møte. Møtet i AU vert etter 20. oktober, då det skal vere øving i kommunane denne datoen. **Vedtak:** Strategisk samarbeidsutval tek orienteringane til vitande. Arbeidsutvalet føl opp orienteringa og presenterer forslag til vidare arbeid i neste møte.

33/26	**Tildeling rekrutterings- og samhandlingstilskot** Tildeling 2/26. Samhandlingskoordinator gjekk gjennom søknadar og tilråding frå arbeidsutvalet. Sjå presentasjon og saksnotat. Kommentar: - Prosjekt DHO: SSU ynskjer evalueringsrapport - Laboratoria: klinikkdirektør er involvert - Vilje helse- og næringsklynge: Kommunale representantar ynskjer ikkje å tildele midlar då dette ligg på sida av samhandlingsfeltet. Representantar frå Helse Førde peika på behov for kunnskapsutvikling, og at Helseinnovasjonskonferansen er ein del av dette. Difor forslag om å halvere beløpet og gjelde berre tilskot til konferanse. Kommunale representantar opplever det krevjande å støtte ein konferanse som ikkje er arrangert i lag, der kommunane ikkje veit kva gevinst vil vere for dei. Det vart også stilt spørsmål om tilskot skal gis til konferanse med deltakaravgift. - Konklusjon: Utset avgjerd til neste møte. Utfordre Vilje helseklynge å detaljere innhald i konferansen. AU meiner prosessen for tildeling av midlar bør evaluerast, og ynskjer å fornye og forenkle tildelingsprosessen. SSU var einige i dette. **Vedtak:** Strategisk samarbeidsutval handsamar søknader i samsvar med Arbeidsutvalet si tilråding. - Digital heimeoppfølging (DHO) får tildelt kr. 850.000 for 2027 med krav om å tydeleggjere kva problem DHO skal løyse, samt lage plan for vidare breidding av berekraftig framtidig driftsmodell. - Saman om trygg diagnostikk får tildelt kr. 400.000 pr. år for 2027 og 2028. Prosjektet må sikre brei og felles problemforståing mellom laboratoria og rekvirentane før ein startar med tiltaksarbeidet. Prosjektet må også involvere fleire kommunar i arbeidet. Finansiering for 2028 vert gjeve som opsjon, med krav om undervegsrapportering før eventuell vidare tildeling. - Synleggjering og møteplassar, Vilje helseklynge. Søknaden vert utsett til neste møte. Vilje helseklynge må konkretisere innhald i konferanse før søknad vert nermare vurdert.

	Strategisk samarbeidsutval ber sekretariatet førebu sak om forenkling av tildelingsprosess til neste møte i SSU.
34/26	**Status samhandling eldre med skrøpelegheit** Fagleg samarbeidsutval (FSU) eldre med skrøplegheit er konstituert og arbeidet har kome i gang. Leiar er Camilla Elvebakk Stein, Sunnfjord kommune. CFS-implementering/Tørn samhandling. Det etablert prosjektgruppe med deltakarar frå kommune og hf. Leiar er Henriette Jagedal Kvamme, Kinn kommune. FSU og prosjektgruppe skal ha felles møte i dag, 02.10.2026. I møtet skal dei planlegge vidare arbeid. **Vedtak:** Strategisk samarbeidsutval tek orienteringa til vitande og ber sekretariatet om å invitere leiar FSU og prosjektleiar CFS for å gje status i neste møte.
35/26	**Programkomité samhandlingskonferansen 2027** Saka vart ikkje gått gjennom i møtet. Sjå saksnotat. **Vedtak:** Strategisk samarbeidsutval ber sekretariatet utpeike medlemmer til programkomité for Samhandlingskonferansen 2027. Sekretariatet må sikre lik representasjon frå partnarane, sikre brukarrepresentasjon samt øvrige eksterne aktuelle samarbeidsaktørar.
36/26	**Oppretting av nytt fagleg samarbeidsutval** Saka vart ikkje gått gjennom i møtet. Sjå saksnotat. **Vedtak:** Strategisk samarbeidsutval ber sekretariatet om å rekruttere medlemmer frå partnarane til FSU personar med fleire kroniske lidingar, fasilitere oppstart og sikre erfaringsoverføring frå FSU eldre med skrøpelegheit. SSU ønsker løypemelding om status i komande møter.

Aksjonspunktliste frå 02.10.2026			
Sak	**Tema**	**Ansvarleg**	**Tidsfrist**
29/25, Oppfølging av rekruttering, kompetanse og felles planlegging	Følgje opp tiltak i tråd med innspel i møtet	Sekretariatet	Snarleg
28/26, Korleis involvere kvarandre i samhandling rundt tenestetilbod	Utarbeide løype for handtering av samhandlingsforløp- og prosjekt mellom partnarane	Sekretariatet	Snarleg
31/26, Pasientens legemiddelliste	Ny status-løypemelding	Sekretariatet	Møte 4
32/26, Samarbeid om beredskap	Arbeidsutvalet presenterer forslag til vidare arbeid i neste møte	Arbeidsutvalet	Etter 20.10. og før møte 4.
33/26, Tildeling av rekrutterings- og samhandlingsmidlar	Følgje opp vedtak om tildelte midlar Førebu sak om forenkling av tildelingsprosess til neste møte i SSU	Sekretariatet	Møte 4
34/26, Status samhandling eldre med skrøpelegheit	Invitere leiar FSU og prosjektleiar CFS for å gje status i neste møte	Sekretariatet	Møte 4
35/26, Programkomité samhandlingskonferansen 2027	utpeike medlemmer til programkomité for Samhandlingskonferansen 2027	Sekretariatet	Møte 4
36/26, Oppretting av nytt fagleg samarbeidsutval	Rekruttere medlemmer til FSU, fasilitere oppstart og sikre erfaringsoverføring	Sekretariatet	Møte 4

	frå FSU eldre med skrøpelegheit.		